



INFORMASJONSBROSJYRE

TIL HJELP MOT

VALD I NÆRE RELASJONAR

SELJE KOMMUNE

DEFINISJON

«Vold kan forstås som et mønster av overgrep og manipulerende adferd som kan være fysisk, psykisk, emosjonell, økonomisk og/eller seksuell, som overgripere bruker mot deres partnere og/eller barn. Adferdsmønsteret er hverken impulsivt eller «ute av kontroll», det er derimot målrettet, instrumentelt og har underdanighet og kontroll over offeret som funksjon».

Informasjonshefte Barne- og likestillingsdep, barnefordelingsaker, s.9

VALD OG OVERGREP ER KRIMINALITET

Vald kan vere både fysisk og psykisk – den har inga aldersgrense og er ikkje kjønnsbestemt. Norsk lovgjeving forbyr all type vald – også i oppdragarsamanhang. Vald får konsekvensar, ikkje berre for dei som vert direkte utsette for den, men også for dei som er vitne til valden.

- Direkte tilstade – å vere augnevitne: tilskodar, grip inn, blir involvert, hentar hjelp, beskyttar.
- Tilstade gjennom å høyre: aggressive ord, gråt, skrik, redsle, fantasi, angst, utryggleik, avmakt.
- Tilstade gjennom å oppleve følgjene av valden: fysiske – psykiske – materielle skadar, omsorgsevne.
- Familiekultur – ein oppvekst i utryggleik.

Menneske som har vore utsett for eller vore vitne til vald, treng beskyttelse mot nye overgrep og krenkingar. Den som utset andre for vald har også behov for kvalifisert hjelp.

Vald er all handling retta mot ein annan person, som gjennom at denne handlinga skadar, smertar, skremmer eller krenkjer, får denne personen til å gjere noko mot sin vilje eller slutte å gjere noko som han vil.

Per Isdal, Alternativ til vold ATV

SOM MEDMENNESKE ER DET VIKTIG AT VI SER TEIKN/ REAKSJONAR OG HJELPER

Teikn og reaksjonar på vald:

- * Endring i åtferd
- * Forseinka utvikling hjå barn
- * Blåmerker
- * Fornekting
- * Søvnproblem
- * Kroppslege plager
- * Konsentrasjonsvanskar
- * Dårlig sjølvbilete
- * Isolasjon
- * Angst
- * Skuldkjensle



KVA KAN INNBYGGJERANE I SELJE KOMMUNE GJERE FOR Å HJELPE?

Den som er utsett for vald eller overgrep er ofte ikkje i stand sjølv til å seie i frå. Derfor må personen få hjelp til dette. Ofte er eit direkte spørsmål om situasjonen, det som hjelper best for å klare å opne seg. Hjelparen kan gå vidare til kompetanseteamet i Selje kommune for å diskutere saka anonymt: Doris Anne Eide, Mona Austring, Nina Merdes Refsnes.

Selje kommune har prosedyrar for å førebyggje, avdekke og hjelpe personar utsett for vald i nære relasjonar.

Alle har plikt til å søke avverge vald i nære relasjonar, ved å gje melding til politi/ barnevern – rette myndigheit.

AKTUELLE TELEFONNUMMER I SELJE KOMMUNE 57 85 85 00

Kompetanseteamet – ring sentralbordet til Selje kommune og spør etter:

Eide
Austring
Refsnes

Barnevern	97 99 04 73
Helsestasjon	97 99 04 78/ 97 99 04 79

NASJONALE NUMMER OG NETTSIDER

Politi	112 - 02800	
Hjelpetelefon for barn og unge	116 111	www.116111.no
Kontakttelefon for overgrep mot eldre	80 03 01 96	www.vernforeldre.no